



---

**Utval:** Fellesnemnd Nye Øygarden kommune  
**Stad:** Skjenet 2, møterom i andre etasje  
**Dato:** 30.10.2017  
**Tid:** 09:00 - 12:00

---

---

**Medlemer som møtte:**

Kari-Anne Landro	Leiar
Marianne Sandahl Bjorøy	Medlem
Børge Haugetun	Medlem
Egil Haaland	Medlem
Tom Georg Indrevik	Medlem
Ernst Morten Einarsen	Medlem
Odd Bjarne Skogestad	Medlem
Svein Petter Bergh	Medlem
Anita Garlid Johannessen	Medlem
Olav Kobbeltveit	Medlem
Nils Kåre Skoge	Medlem
Jogeir Sognnæs	Medlem
Kjell Arve Vorland	Medlem
Silvia Haugland	Medlem
Espen Harkestad	Medlem
Ingrid Marie Toft	Medlem

---

**Forfall:**

May Elin Limevåg	MEDL
------------------	------

---

**Varamedlemer som møtte:**

Jørgen Kausland

---

**Andre:**

Paul J. Manger prosjektleiar, Vagleik Brekke informasjonsrådgjever, Sølvi Fotland Spilde møtesekretær

---

Marianne Sandahl Bjorøy

Kari-Anne Landro

Børge Haugetun

---

underskrifter

# SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 17/17	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 18/17	Organisering av leiarstruktur for fellesnemnda
PS 19/17	Skriv, meldingar og orienteringar
PS 20/17	Oppretting og val av medlemmer til ei valnemnd for fellesnemnda
PS 21/17	Val av varamedlemmer og nyval til arbeidsutval - Politisk styringsstruktur og eigarskapsmodellar
PS 22/17	Mandat - Politisk utval for eigarskap
PS 23/17	Mandat - Politisk utval for politisk styringsstruktur
PS 24/17	Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering pr.medio oktober 2017
PS 25/17	Invitasjon frå KS til å delta i finansieringsordning for etablering av digitale løysingar - Oppfølging frå møtet 02.10.27
PS 26/17	Kommunikasjonsplan, fase 3 - oktober 2017-desember 2019
PS 27/17	Eigedomsskatt i samband med kommunesamanslåing - Søknad om utsett frist
PS 28/17	Ymse

## PS 17/17 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

### Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:

Innkalling, saksliste og protokoll vart godkjent utan merknadar.

### Underskrift av møtebok

Det var semje om at leiargruppa signerer møteboka etter kvart møte.

### Ymse

- Informasjon frå leiar om leiargruppa sitt svar på eit tidlegare stilt spørsmål frå Tom Georg Indrevik om bruk av råmateriale av promoteringsvideoen til Nye Øygarden kommune.

### Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:

Innkalling, saksliste og protokoll vart godkjent.

## **PS 18/17 Organisering av leiarstruktur for fellesnemnda**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda vedtar at dei tre ordførarane tar leiarvervet i fellesnemnda for Nye Øygarden kommune på omgang fram til og med kommunevalet 2019. Ordførar Kari-Anne Landro vert valt til leiar i perioden oktober 2017 - mai 2018. Ordførar Børge Haugetun vert valt til leiar i perioden juni 2018 - januar 2019. Ordførar Marianne Sandahl Bjørøy vert valt til leiar i perioden februar 2019 - september 2019.

Leiar i fellesnemnda vil til ei kvar tid òg vere leiar i partsamansett utval.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger  
prosjektleiar

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Leiar Kari-Anne Landro innleia saka og grunngav kvifor det no kjem opp ei ny sak om leiarvervet. Det var mellom anna eit ønskje om å få mindre fokus på leiarvervet og større fokus på arbeidet i fellesnemnda. Ei slik løysing vart også diskutert i førebunde fellesnemnd.

Saka var drøfta med ulike syn på at fellesnemnda skal ha ei rullering av leiarvervet. Å få gjenreist tillit var eit viktig moment for fellesnemnda.

Innstillinga vart vedteken med 16 mot 1 stemme. Mindretalet: Svein P. Bergh.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Fellesnemnda vedtar at dei tre ordførarane tar leiarvervet i fellesnemnda for Nye Øygarden kommune på omgang fram til og med kommunevalet 2019. Ordførar Kari-Anne Landro vert valt til leiar i perioden oktober 2017 - mai 2018. Ordførar Børge Haugetun vert valt til leiar i perioden juni 2018 - januar 2019. Ordførar Marianne Sandahl Bjørøy vert valt til leiar i perioden februar 2019 - september 2019.

Leiar i fellesnemnda vil til ei kvar tid òg vere leiar i partsamansett utval.

## **PS 19/17 Skriv, meldingar og orienteringar**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

- *Fast post* - Status og framdrift for prosjektet v/prosjektleiar Paul J. Manger  
Prosjektleiar orienterte om ulike møte som har blitt haldne og skal haldast i den næraste tida med mellom anna representantar for næringslivet, rådmennene i dei tre kommunane, ordførarane, NAV-leiarar, verneomboda og tillitsvalde. Dei store områda det vil bli arbeidd med framover gjeld særskilt personal, IKT og sak/arkiv. Prosjektleiar oppfordrar til å ta

kontakt og ønskjer å få innbyggjarane i tale med mellom anna planlegging av eit arrangement på nyåret.

- Møtetidspunkt for første møte i partssamansett utval vert foreslått flytta til tysdag 21.november kl. 9-11.  
Ny dato vart teken til orientering.
- Vara til partssamansett utval frå tillitsvalde i Fjell  
Dette spørsmålet er ikkje avklart enno og prosjektleiar følgjer opp.

## **PS 20/17 Oppretting og val av medlemmer til ei valnemnd for fellesnemnda**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda vedtek å opprette ei valnemnd.

Til valnemnda vert valt:

.....  
.....  
.....  
.....

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Framlegg frå Egil Haaland om at leiargruppa skal utgjere valnemnd i fellesnemnda.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Fellesnemnda vedtek å opprette ei valnemnd.

Til valnemnda vert valt:

- Børge Haugetun
- Kari-Anne Landro
- Marianne Sandhal Bjorøy

# PS 21/17 Val av varamedlemmer og nyval til arbeidsutval - Politisk styringsstruktur og eigarskapsmodellar

## Innstilling:

Varamedlemmer frå Fjell kommune – *politisk styringsstruktur*:

.....  
.....  
.....

Varamedlemmer frå Fjell kommune – *Eigarskapsmodellar*:

.....  
.....  
.....

Utval for *Eigarskapsmodellar* - Det vert valt følgjande medlemmer og varamedlemmer:

*Frå Fjell:*

- Medlem: .....
- Medlem: .....
- Medlem: .....
  - Varamedlem: .....
  - Varamedlem: .....
  - Varamedlem: .....

*Frå Sund:*

- Medlem: .....
  - Varamedlem: .....

*Frå Øygarden*

- Medlem: .....
  - Varamedlem: .....

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

**Framlegg** frå Egil Haaland om varamedlemmer frå Fjell kommune:

### *Politisk styringsstruktur*

1. Hilde Lohmann Sandal
2. Cecilie Rathem
3. Johannes Kobbeltvedt

### *Eigarskapsmodellar*

1. Atle Justad
2. Fredrik-Alexander Indrevik
3. Hege Misje

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg** frå Kjell Arve Vorland om endringar i samansettinga av utval for eigarskapsmodellar:  
*Frå Sund:*

- Medlem: Kari-Anne Landro

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Samansettinga av utval for eigarskapsmodellar valt i førre møte vert elles uendra.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

*Varamedlemmer frå Fjell kommune – Politisk styringsstruktur*

1. Hilde Lohmann Sandal
2. Cecilie Rathem
3. Johannes Kobbeltvedt

*Varamedlemmer frå Fjell kommune – Eigarskapsmodellar*

1. Atle Justad
2. Fredrik-Alexander Indrevik
3. Hege Misje

*Nytt medlem Frå Sund – Utval for eigarskapsmodellar*

- Medlem: Kari-Anne Landro

## **PS 22/17 Mandat - Politisk utval for eigarskap**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda vedtek slikt mandat.

Det politiske utvalet for eigarskap skal:

1. Ta utgangspunkt i samlerapport «Kartlegging av eigarskapsstruktur» som vart lagt fram for førebuande fellesnemnd 24. april 2017.
2. Finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar om eigarskap og interesserepresentasjon.
3. Utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege, effektive og gje tenestetilbod av høg kvalitet innan sine verksemdsområde.
4. Arbeida for ein eigarstruktur med færrest mogleg einingar som gjev best moglegheit for demokratisk styring.
5. Levera ein tilrådd sluttrapport seinast ved utgangen av mars 2018.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger

prosjektleiar

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Saka vart drøfta. Særskilt drøfting av eit framlegg frå Tom Georg Indrevik om endring av pkt. 5 i innstillinga. Framlegget vart tilpassa slik:

#### ***Fellesframlegg til endring av pkt. 5:***

5. Utvalet kjem tilbake med plan for framdrifta av arbeidet etter at dei har hatt sitt første møte, med målsetting om at fellesnemnda gjer vedtak i saka innan utgangen av første halvår 2018.

Innstillinga og det endra pkt. 5 vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Fellesnemnda vedtek slikt mandat.

Det politiske utvalet for eigarskap skal:

1. Ta utgangspunkt i samlerapport «Kartlegging av eigarskapsstruktur» som vart lagt fram for førebuaende fellesnemnd 24. april 2017.
2. Finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar om eigarskap og interesserepresentasjon.
3. Utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege, effektive og gje tenestetilbod av høg kvalitet innan sine verksemdsområde.
4. Arbeida for ein eigarstruktur med færrast mogleg einingar som gjev best moglegheit for demokratisk styring.
5. Utvalet kjem tilbake med plan for framdrifta av arbeidet etter at dei har hatt sitt første møte, med målsetting om at fellesnemnda gjer vedtak i saka innan utgangen av første halvår 2018.

## **PS 23/17 Mandat - Politisk utval for politisk styringsstruktur**

### **Innstilling:**

1. Det politiske utvalet for gjennomgang av den politiske styringsstrukturen i Nye Øygarden kommune skal legge til grunn følgjande mandat for arbeidet:
  - Utvalet sitt arbeid skal byggje på dei grunnleggjande føresetnadene som er fastlagt i Intensjonsavtalen, og på sentrale element i styringa av dei tre kommunane i dag.
  - Utvalet skal vurdere behovet for andre utval, råd og komitear utover dei som går fram av Intensjonsavtalen.
  - Utvalet skal utarbeide eit presist grunnlag for arbeidet i kommunestyret, formannskapet, dei fire hovudutvala, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet og evt. andre utval eller komitear. Dette skal m.a klargjere ansvarsområde, arbeidsform, grensesnitt og andre tilhøve som er naudsynt og tenleg for at dei skal fungere best mogleg kvar for seg og saman.
  - Utvalet skal utarbeide eit nytt og samlande delegasjonsreglement for den nye kommunen. Reglementet skal vere presist og tydeleg når det gjeld å klargjere ansvarstilhøve og mynde på alle viktige område mellom politikk og administrasjon.

2. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda, og levere sluttrapport innan utgangen av mars 2018.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleder

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

1. Det politiske utvalet for gjennomgang av den politiske styringsstrukturen i Nye Øygarden kommune skal legge til grunn følgjande mandat for arbeidet:
  - Utvalet sitt arbeid skal byggje på dei grunnleggjande føresetnadene som er fastlagt i Intensjonsavtalen, og på sentrale element i styringa av dei tre kommunane i dag.
  - Utvalet skal vurdere behovet for andre utval, råd og komitear utover dei som går fram av Intensjonsavtalen.
  - Utvalet skal utarbeide eit presist grunnlag for arbeidet i kommunestyret, formannskapet, dei fire hovudutvala, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet og evt. andre utval eller komitear. Dette skal m.a klargjere ansvarsområde, arbeidsform, grensesnitt og andre tilhøve som er naudsynt og tenleg for at dei skal fungere best mogleg kvar for seg og saman.
  - Utvalet skal utarbeide eit nytt og samlande delegasjonsreglement for den nye kommunen. Reglementet skal vere presist og tydeleg når det gjeld å klargjere ansvarstilhøve og mynde på alle viktige område mellom politikk og administrasjon.
2. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda, og levere sluttrapport innan utgangen av mars 2018.

## **PS 24/17 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering pr.medio oktober 2017**

### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda tek føreliggjande milepelsplan til orientering.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleder



**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Saka vart drøfta og det kom innspel om at milepelsplanen bør ligge på heimesida som eit levande dokument som vert endra etter kvart møte i fellesnemnda.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Fellesnemnda tek føreliggjande milepelsplan til orientering.

**PS 25/17 Invitasjon frå KS til å delta i finansieringsordning for etablering av digitale løysingar - Oppfølging frå møtet 02.10.27**

**Innstilling:**

Fellesnemnda løyver inntil kr 750 000 til finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS, ref invitasjon i vedlagte brev.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Jørgen Kausland bad fellesnemnda om å vurdere hans habilitet då han er IKT-sjef i Sund kommune og har gitt innspel til KS sin invitasjon i eigen kommune. Fellesnemnda var samd i at han ikkje er inhabil til å behandle saka etter forvaltningslova § 6 1. og 2. ledd.

Saka vart drøfta og det vart poengtert at digitalisering er viktig og at Bergen kommune deltek som sentral partner i prosjektet.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Fellesnemnda løyver inntil kr 750 000 til finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS, ref invitasjon i vedlagte brev.

# **PS 26/17 Kommunikasjonsplan, fase 3 - oktober 2017-desember 2019**

## **Innstilling:**

Fellesnemnda godkjenner kommunikasjonsplanen for fase 3 (oktober 2017-desember 2019) slik han ligg føre.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

## **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Vigleik Brekke viste ein presentasjon og orienterte om kommunikasjonsplanen med mellom anna dei ulike fasane, grafisk layout, malar og heimeside som er utarbeidd. Det vart også vist ein promoteringsfilm om Nye Øygarden kommune.

Det kom spørsmål om filmen kan brukast av næringsliv, innbyggjarar og andre. Vigleik svara at filmen kan delast fritt.

Det kom spørsmål om bruk av stor eller liten 'N' i Nye Øygarden kommune. *Nye Øygarden kommune* kan vurderast som eit særnamn og stor bokstav kan brukast.

Fellesnemnda var elles særns nøgd med grafisk layout og profilar.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Fellesnemnda godkjenner kommunikasjonsplanen for fase 3 (oktober 2017-desember 2019) slik han ligg føre.

# **PS 27/17 Eigedomsskatt i samband med kommunesamanslåing - Søknad om utsett frist**

## **Innstilling:**

Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune søker på vegne av kommunane Fjell, Sund og Øygarden om unntak for fristane til å gjennomføre taksering og utskriving av samordna eigedomsskatt fram til 2022, jf. Inndelingslova §17 d.

Vedtak i saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger  
prosjektleder

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Prosjektleder informerte kort om bakgrunn for saka. Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Fellesnemnda i Nye Øygarden kommune søker på vegne av kommunane Fjell, Sund og Øygarden om unntak for fristane til å gjennomføre taksering og utskriving av samordna eigedomsskatt fram til 2022, jf. Inndelingslova §17 d.

Vedtak i saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland.

**PS 28/17 Ymse**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 30.10.2017:**

Leiar orienterte om eit svar som er gitt på eit tidlegare stilt spørsmål frå Tom Georg Indrevik om det er mogleg å få nytte det råmaterialet som er produsert av TV2 i samband med promoteringsvideoen for Nye Øygarden kommune.

Leiargruppa har svart at avtalen med TV2 opnar for at råmaterialet kan nyttast av kommunane. Leiargruppa ønskjer likevel ikkje å gje fri tilgang til råmaterialet til promoteringsvideoen med grunngjeving i det å ha kontroll på marknadsføringa av Nye Øygarden kommune.